

Landbruks- og Matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Attn: Avdelingsdirektør Henrik Einevoll

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2009/00894 - 2	Doknr.:
Mottatt: 15 JUN 2009	
Saksben.: LP/SL/STP	Ark.: 008
Kopi:	Avskr.:

Oslo, 12. juni 2009

## Høring - forskriftsendringer som følge av overgang fra målprissystem til ei volumbasert regulering av storfekjøtt

Me viser til brev av 22. mai 2009, og vil koma med følgjande synspunkt på høyringsbrevet og forslaga til endring av forskriftene.

Det går fram av årets jordbruksoppgjer at avtalepartane har overført storfekjøtt frå den målprisbaserte markedsordninga til ei ny volumbasert markedsordning, med verknad frå 1. juli 2009. Det går vidare fram av Jordbruksavtalen at markedsreguleringsansvaret i den volumbaserte markedsordninga er tillagt Nortura, på same vis som i den målprisbaserte markedsordninga. Nortura er nøgd med dette.

Overgang til volumbasert markedsordning for kjøtt av storfe medfører endringar i FOR 2003-07-01 nr 919 om Omsetningsrådets myndighet vedrørende markedsregulering av jordbruksråvarer (Rammeforskrifta), og i FOR 2005-12-22 nr 1723 om Administrative tollnedsettelse for landbruksvarer (FAT-forskrifta).

Innleiingsvis vil Nortura understreka at eit omfattande og velfungerande importvern er eit avgjerande vilkår for norsk jordbruksproduksjon og tilhøyrande matindustri. Den nye markedsordninga kviler også på dette grunnlaget, og FAT-forskrifta handlar difor om svært sentrale rammevilkår for Nortura.

### FOR 2003-07-01 nr 919

#### § 2 Informasjonsplikt

Slitestykken og oppslutninga om ei ny markedsordning vil bl.a vera avhengig av at ordninga legg til rette for ei transparent og konkurransenøytral gjennomføring. Informasjonsplikta som kviler på markedsregulator er eit viktig element i dette, og Nortura støttar presiseringa som Departementet føreslår i § 2. Utfrå teksten i høyringsbrevet forstår me uttrykket **"prisprognose"** som dekkande for den **planlagde prisløypa med vekeprisar på representantvare**, som Nortura skal fastsetja 10. juni og 10. desember for etterfølgjande prisperiode, med formål om å oppnå planlagt gjennomsnittleg engrospris i prisperioden. Det er etter vår vurdering best om ein konsekvent nyttar berre eitt uttrykk for det same bodskapet, og i denne samanhengen vil me føretrekkja at det blir brukt uttrykket **"planlagt prisløype"**.

#### Nortura BA

Postboks 360 Økern  
N-0513 Oslo  
Lørenveien 37  
Tel.: +47 22 09 21 00  
Fax: +47 22 15 59 08

Forbrukertelefoner:  
Gilde: 800 33 390  
Prior: 800 48 130  
www.nortura.no  
firmapost@nortura.no

Bank: DNB NOR Bank ASA  
Bank Norge: 7076 05 28623  
IBAN: NO41 7076 0528 623  
SWIFT/BIC: DNBANOKKXXX  
Org.nr.: NO-938 752 648  
MVA

Bank EURO: 5002 0447 386  
IBAN: NO49 5002 0447 386  
SWIFT/BIC: DNBANOKKXXX

### § 3 nr 2. Kjøtt

Nortura har ikkje innvendingar mot at det vert opna for dobbelt mottaksplikt for innanlands produsert storfekjøtt i situasjonar der det blir brukt reguleringsmidlar til eksport av storfekjøtt. Nortura har heller ikkje merknader til forslaget om korleis den doble mottaksplikta skal avgrensast mellom dei ulike aktørane.

### FOR 2005-12-22 nr 1723

Forslaga til endring av FAT-forskrifta er ein konsekvens av at storfe ikkje lenger skal vera ein del av den målprisbaserte markedsordninga frå 1/7 09, og at det difor er naudsynt å utstyra forskrifta med administrative reglar for nedsetjing av toll mv. basert på den nye volumbaserte markedsordninga.

Den innanlandske forsyningssituasjonen for storfekjøtt har dei siste åra hatt innslag med periodevis underdekning, med suppleringsimport til nedsett toll som markedsbalanserende tiltak. Mykje tyder på at dette vil vera ein mogleg situasjon i fleire år framover. Reglane for utløyasing av import og for nedsetjing av toll, er difor særskilt viktige for storfekjøtt, og desse reglane vil kunna påverka utviklinga av prisane på innanlands vare.

Ei meir fleksibel prisutvikling og større handlingsrom for å utnytta prispotensialet i markedet har vore sentrale mål i arbeidet med den volumbaserte markedsordninga, og dette fekk eksplisitt støtte frå Stortinget, i deira innstilling til Jordbruksoppgjeret i 2008.

Nortura er i hovudsak godt nøgd med Departementet sitt forslag til forskrift. Drøftinga som følgjer handlar om det er behov for og ønskjeleg med meir fleksible reglar. Det er tvillaust at ein prisperiode på 6 mnd. i seg sjølv legg til rette for ei meir frekvent og markeds sensitiv prisvurdering enn det ei målprisbasert markedsordning med heilårs syklus tillet. Nortura vil leggja stor vekt på at den planlagde gjennomsnittlege engrosprisen og den tilhøyrande prisløypa skal ha sterk autoritet, og at den blir fastsett med tanke på å gjelda utan endringar for heile prisperioden. Nortura vil derfor ikkje finna mindre avvik i prisuttaket i første del av prisperioden som tilstrekkeleg for å gjera revisjon midtvegs i prisperioden.

Me er likevel samd med Departementet som føreslår at det som unntak må kunna opnast for å gjera endringar i planlagt engrospris og prisløype midtvegs i prisperioden. Me finn derimot ikkje ordlyden i forslaget dekkande for dei situasjonane me trur vil vera aktuelle. Me vil særleg peika på at det ikkje vil vera tilstrekkeleg at fleksibiliteten berre kan gjelda for justering av pris/prisløype nedover. Dette kjem me tilbake til, særleg under §9b.

### §4 Definisjonar

Ettersom det ikkje eksisterer målpris i den nye markedsordninga, vil det vera trong for å endringar av §4, som inneheld definisjonane av dei sentrale omgrepa.

- Pkt 3. Noteringspris.

Enten må den **planlagt gjennomsnittlege engrosprisen** reknast opp saman med dei andre prisuttrykka, eller så kan ein bruka ei snauare formulering, etter mønster frå den SLF har føreslått i høyringa av FOR 2008-10-22 nr 1136. Med litt tilpassing vil den då lyda slik:

**”Noteringspris: Den pris markedsregulator oppnår for representantvaren på noteringspunktet. Noteringspunktet fremgår av gjeldende jordbruksavtale.”**

- Pkt. 4 Planlagt gjennomsnittleg engrospris og Pkt. 5 Planlagt prisløype.  
Nortura støttar forslaget til nye omgrep og definisjonar av desse, slik dei er formulert. Nortura støttar vidare forslaget i pkt. 4 om at planlagt gjennomsnittleg engrospris skal fastsetjast 30. mai og 30. november kvart år. Sjølv om prisfastsettinga ikkje er kopla opp mot Jordbruksoppgjæret, vil relevante element som øvre prisgrense og andre deler av rammevilkåra først bli kjent for marknadsregulator etter at forhandlingane er avslutta. Dei siste åra har dette skjedd om lag 15. – 16. mai. Mai månad er i tillegg særmerkt ved at den ofte har mange helgedagar. Nortura sine krav til ei god og korrekt sakshandsaming tilseier difor at 30. mai er det tidlegaste tilrådelege tidspunktet for fastsetjing av planlagt gjennomsnittleg engrospris for etterfølgjande prisperiode. Dette vil også gi noko handlingsrom for å tilpassa prosessen til helgedagar som flytter seg frå år til år (pinse). Viss 30. mai ikkje fell på ein yrkedag, vil Nortura oppfatta at prisvedtaket kan varslast på den yrkedagen som ligg nærast før den 30. mai.  
Nortura støttar også forslaget om tidspunkta for offentleggjering av den planlagde prisløypa, men me vil føreslå at ein nyttar nemninga **innan** den 10. juni og **innan** den 10. desember. Det blir vurdert som viktig for aktørane å få tilgang til den planlagde prisløypa så snart den er ferdig, og det vil i normalsituasjonar kunna vera nokre dagar før dei føreslegne datoane.

#### §9b. Vilkår for tollnedsetjing

Nortura er innforstått med at den planlagde gjennomsnittlege engrosprisen vil vera bindande oppover for marknadsregulator i prisperioden, og at den følgjeleg vil vera ein viktig indikator for administrering av tollen.

Nortura vil gjera sitt beste for å gi den planlagde gjennomsnittlege engrosprisen maksimal autoritet. Det vil likevel vera mange faktorar både i tilførsels- og sluttmarkedet som er utanfor Nortura sin kontroll, og som i tillegg kan vera vanskelege å sjå tydeleg på førehand. Den planlagde prisløypa blir fastsett slik at ein for prisperioden som gjennomsnitt skal oppnå den planlagde engrosprisen. Ved utforming av prisløypa vert prisvariasjonar dimensjonerte i høve til forventa variasjonar i tilførselar og forbruk. Viss tilførslane av ein eller annan uforutseieleg grunn viser eit heilt anna mønster enn forventa, vil dette påverka oppfyllingsgraden for den gjennomsnittlege engrosprisen, om ein ikkje får høve til justering undervegs. For storfe kan slike situasjonar oppstå viss avlingar frå beite og innmark vert dramatisk dårlege, med konsentrert nedslakting som resultat. Likeeins vil evt. raske endringar i t.d. kvoteordninga for mjølk spela direkte inn på slaktemønsteret. Store slaktemengder i periodar der prisløypa opererer med planlagt pris under gjennomsnittet, vil kunna hindra at ein oppnår den gjennomsnittlege engrosprisen for prisperioden, om det ikkje som unntak blir høve til å justera prisløypa i perioden. For dette føremålet må unntaket opna for at marknadsregulator midtvegs i prisperioden kan få endra den planlagde prisløypa opp eller ned, med sikte på å oppnå den planlagde og uendra gjennomsnittlege engrosprisen for prisperioden under eitt.

Det kan heller ikkje utelukkast at marknadsregulator i ein framtidig prisperiode kan finna det umogleg å oppnå planlagt gjennomsnittleg engrospris, sjølv om tilførslane harmonerer godt med grunnlaget for planlagt prisløype. Departementet gir i høyringsbrevet uttrykk for at marknadsregulator i ein slik situasjon skal kunna **redusera** den planlagde gjennomsnittlege engrosprisen **ein** gong i prisperioden, høvesvis ved utarbeiding av produksjons- og forbruksprognosane i mars og september. Som nemnt ovanfor, vil Nortura ikkje vurdere mindre avvik som grunnlag for å nytta eit slikt unntak. Eit slikt unntak vil difor berre vera aktuelt å nytta ved store avvik og ekstraordinær marknadsutvikling. Det kan heller ikkje

utelukkast situasjonar med nasjonal underdekning og eit internasjonalt prisnivå over det norske (t.d. ved store utbrot av dyresjukdommar eller andre hendingar som fører til ekstraordinært høge prisar på verdsmarknaden). I slike situasjonar kan det vera både ønskjeleg og naudsynt at marknadsregulator har høve til å justera planlagt gjennomsnittleg engrospris **opp** ein gong i prisperioden, innanfor øvre prisgrense.

Nortura støttar følgjeleg at det blir formulert eit unntak frå hovudregelen, men me vil føreslå å skifta ut ordet ”**redusera**” med ordet ”**endra**”. Me vurderer det som svært ønskjeleg at eit så sentralt unntak blir teke inn ein stad i forskrifta, enten som eige pkt. under §4 eller som eigen paragraf. Me føreslår følgjande :

**”Dersom marknadsregulator finner at planlagt gjennomsnittlig engrospris i perioden ikke kan oppnås, eller hvis det oppstår helt ekstraordinære markedssituasjoner, kan prisen og/eller planlagt prisløype endres i forbindelse med utarbeidelse av prognosene for produksjons- og forbruksutvikling i mars og september.”**

#### §9c. Nivået på tollnedsetjinga

Nortura støttar Departementet sitt forslag til §9c, og me understrekar kor viktig det er å sikra like og forutseielege vilkår for alle aktørar. Med innarbeiding av forslaget vårt ovanfor om større fleksibilitet i særlege unntakstilfelle, finn me på lik linje med Departementet at det ikkje vil vera naudsynt å vidareføra formuleringa som ligg i nåverande §8.

Derimot er det heilt naudsynt at tekstforslaget til §9c blir supplert med ei presisering av kva uttrykket ”priser som tilsvarer planlagt prisløype” inneber. Både den planlagde engrosprisen og den tilhøyrande prisløypa er eksklusiv dei offentlege avgiftene som blir haldne utanfor ved rapportering av noteringspris ( forsknings-, matproduksjons- og kjøttkontrollavgift). For å sikra ”samsvar” mellom prisen på norske og importerte varer, må teksten følgjeleg supplerast:

**”Tollsatsen settes ned til et nivå som gir importmuligheter til priser som tilsvarer planlagt prisløype, korrigert for de offentlige avgiftene som holdes utenfor ved rapporteringen av noteringsprisen.”**

#### §26. Kunngjering og gjennomføring av generelle tollnedsetjingar

Marknadsregulator har ansvaret for å oppnå ein balansert forsyningsssituasjon i den volumbaserte marknadsordninga, og marknadsregulator sine vurderingar om importbehov må difor telja svært tungt før SLF gjer vedtak om administrativ nedsetjing av toll. Nortura er godt nøgd med nåverande praksis på dette feltet innanfor den målprisbaserte marknadsordninga, og støttar sterkt at det vert lagt opp til å vidareføra denne praksisen. Me opplever det difor som lite ønskjeleg å fastsetja at det skal gå minst 10 yrkedagar frå søknad om nedsett toll og fram til vedtak i SLF. 10 yrkedagar vil i praksis bety nær 2 arbeidsveker. Nortura ønskjer at det blir fastsett ei tidsramme som ikkje er lenger enn 7 yrkedagar, eller 10 vekedagar.

Avslutningsvis vil me informera om at Nortura nå er organisert etter den ny samvirkelova, og at selskapsnamnet heretter skal skrivast : Nortura SA.

Med vennleg helsing

Nortura SA



Gunnar Dalen

Direktør Nærings- og handelspolitikk